



**JOBBKOMPETANSE:** Disse jobbar i den nye avdelinga Jobbkompetanse, under avdelingsleiar Arvid Kaspersen (framme til venstre) og adm. dir. Arlid Kastmann (framme til høgre). Til venstre (frammanfrå og bakover): Britte Endresen, Torill Tveit, Ashbjørn Håland og Elin Nilssen. I midten: Mette Nærand, Lene Gausel, Ashild Storevik og Anne Britt Heltland, Marianne Furenes. Til høgre: Nina Klausen, Mette Nilssen, Camilla Wilhelmssen og Berit Bjortheim. Monica Nærand var ikkje til stades under fotograferinga.

# Trappar opp i nedgangstid

Dei tøffe økonomiske tidene har ført til utviding av Jæren Industripartner sitt arbeidsområde. — Det blir berre endå meir bruk for oss i nedgangstider, seier adm. dir. Arlid Kastmann.

**AGE BJØRNNEVIK** | tekst og foto  
 abj@jbi.no

Jobbkompetanse heiter den nye avdelinga i Jæren Industripartner. Der jobbar dei med å hjelpe sjukmeldte og arbeidssøklarar til bake i jobb, på oppdrag frå Nav.

— Sidan starten har Jæren Industripartner stadig utvida arbeidsområdet. Det starta som ei verna bedrift for psykisk utviklingshemma, men etter kvart er tilbodet om varig tilrettelagt arbeid utvida til nye grupper. Me har også jobba ei god stund med prosjekt der målet er å hjelpe folk inn i det ordinære arbeidslivet. Med den nye avdelinga vår har me verkeleg begynt å satsa på arbeidsmarknadstiltak utanfor skjerma sektor. Den verna delen av verksenda er faktisk blitt

minst. Me har 85 plassar i varig tilrettelagt arbeid, medan me til einkvar tid har 120 personar inne på andre tiltak me driv, seier Kastmann.

## Fallande inntekter

Produksjonsbedriftene til Jæren Industripartner har i stor grad levd av underleveransar til industrien. Då finanskrisa slo inn, og ordretørken meldte seg i industrien, merka også Jæren Industripartner ein kraftig nedgang. Inntektene frå produksja fall med 25 prosent i fjor – frå 15,7 til 11,7 millionar kroner. Det var ein viktig grunn til at bedrifta for alvor begynte å sjå seg om etter nye bein å stå på.

Blikket fall på eit område i vekst: arbeidsmarknadstiltak utanfor skjerma sektor. Der har

Nav eit aukande behov, og kjøper inn tenester frå eksterne leverandørar.

— Når det blir tøft i næringslivet elles, blir det endå større behov for tiltak for å hindra utstøting frå arbeidsmarknaden. Arbeid er viktig for alle, men dessverre ser me at dei som treng arbeidet aller mest for å fungere i samfunnet og kvardagen, er dei første som fell utanfor i nedgangstider, seier Kastmann.

I samarbeid med tre andre tilsvarende bedrifter i Sør-Kogaland vann Jæren Industripartner i fjor ein toårig rammeavtale med Nav om oppfølging av sjukmeldte og arbeidssøkjande. I tillegg har dei vunne fleire kontraktar om å arrangere AMO-kurs.

I 2009 deltok totalt 220 personar på ulike tiltak eller kurs i Nav-regi hos Jæren Industripartner. Dei første seks månadane i 2010 har talet allereie passert

200. I avdelinga jobbkompetanse har Jæren Industripartner auka bemanninga si frå sju til 15 tilsette, og dei har leigt seg nye kontorlokale i Sig. Halvoisen-bygget på Håland, berre eit steinkast frå hovuddadministrasjonen.

## Tenkja positivt

Avdelingsleiar Arvid Kaspersen fortel at folka dei får inn frå Nav i all hovudsak mellom 20 og 40 år.

— Mange misser trua på seg sjølv når dei ikkje får arbeid. Vår jobb er å fokusera på dei ressursane og mogleghetene dei faktisk har, og hjelpe folk over dei barrierane som stoppar dei. Enkelte har mange barrierar dei må over, andre har færre, seier Kaspersen.

Opplegget startar med å kartlegga mellom anna jobbfering, helse, livsstil og nettværk – og ut frå det laga eit opplegg for den enkelte.

Dessverre ser me at dei som treng arbeidet aller mest for å fungera i samfunnet og kvardagen, er dei første som fell utanfor i nedgangstider.

**ARLID KASTMANN, ADM. DIR., I JÆREN INDUSTRIPARTNER**

— Me jobbar individuelt med kvar enkelt, men ein del av arbeidet skjer i grupper, seier Kaspersen.

For mange handlar opplegget mykje om livsstilsendringar. Trening, sunnare kosthald, normal døgnrytme og redusert rusbruk kan betra arbeidsevna dramatisk. Avklaring av kva kvar enkelt kan bidra med i arbeidslivet er ein viktig del av arbeidet.

— Mange har meir å bidra med enn dei trur, men det hender også at me konkluderer med at nokon ikkje bør vera i arbeidslivet. Avklaringa er viktig uansett, seier Kaspersen.

Jæren Industripartner brukar også nettverket sitt i det lokale næringslivet til å prøva å finna arbeidsplassar til folk, og kan også tilby oppfølging etter at dei er ute i arbeid.

Men det er blitt vanskelegare å få folk ut i jobb.

— I perioden 1997 til 2007 fekk me 65 til 70 prosent ut i jobb. I fjor gjekk talet ned til rundt 40 prosent. Me merkar ift betring i år, men det er framleis mykje vanskelegare enn for nokre år sidan, seier Kaspersen.